



Norgeshus Hindenes Hus AS
Eidavegen 532
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1798 - 14/5831

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
22.04.2014

Godkjenning - Søknad om oppføring av garasje på gbnr. 49/151 i Meland kommune

Administrativt vedtak. Saknr: 99/2014

Eigedom: 49/151

Byggjeplass: Io

Tiltakshavar: Geir Iden og Malin Sagstad

Ansvarleg søkjar: Norgeshus Hindenes Hus AS

Planstatus: KPA – LNF m/ dispensasjon

Søknad om: Oppføring av garasje, jf. pbl. § 20-1

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad innstempla 20.12.2013 om løyve til oppføring av garasje på gbnr. 49/151 i Meland kommune, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1.

Gjennom vedtak frå Meland kommune av 9.4.2014 vart det gjeve løyve til oppføring av einbustad med tilhøyrande grunnarbeidd, jf. DNT-sak 86/2014. Søknad om byggjeløyve for oppføring av garasje vert med dette rekna som komplett og klar for handsaming, jf. pbl. §§ 21-2, 21-5 og § 27-1 m/ tilhøyrande forskrift (SAK10).

Vurdering:

Planstatus:

Gbnr. 49/151 er i kommuneplanen sin arealdel (KPA) avsett til landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF). I desse områda er det i utgangspunktet berre tillate med byggje- og anleggsverksemd som har direkte tilknytning til stadbunden næring, men gjennom vedtak frå Meland kommune av 11.1.2013 i DNT-sak 022/13 vart det gjeve dispensasjon frå dette byggjeforbodet for oppføring av ein ny bustad. Gjennom same vedtak vart det óg gjeve dispensasjon frå det generelle forbodet mot byggjetiltak i 100-metersbeltet mot sjø, jf. pbl. § 1-8. Administrasjonen vurderer at føreliggjande søknad om løyve til oppføring av garasje held seg innanfor rammene av nemnde dispensasjon og óg elles er i samsvar med gjeldande krav i KPA, jf. vurderinga nedanfor.

Nabovarsling:

Søknaden om byggjeløyve vart nabovarsla i 14.12.2013 og det er innan fastsett frist ikkje motteke merknadar til tiltaket. Nabovarslinga vert etter dette rekna som tilstrekkeleg, jf. pbl. § 21-3.

Utforming, utsjånad, plassering, høgde og avstand til nabogrenser:

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagte situasjonskart og terrengprofilar innstempla 20.12.2013 og utformast i samsvar med vedlagte plan-, snitt- og fasadeteikningar innstempla same dato. Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket med dette oppfyller Plan- og bygningsloven sine krav til utforming, funksjon og utsjånad, jf. §§ 29-1 – 29-2.

Gjennom erklæring dagsett 8.12.2013 har eigar av naboeigedomen 49/5 godkjent at garasjen vert plassert inntil 0m frå grensa til nemnde eigedom. Tiltaket vert på denne bakgrunn vurdert til òg å vere i samsvar med gjeldande krav til plassering, høgde og avstand frå naboeigedommar og omliggjande byggverk i pbl. § 29-4.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt. Administrasjonen legg i den samanheng til grunn at ansvarsrettane som vart godkjente gjennom vedtaket av 9.4.2014 – om løyve til oppføring av einbustaden i sak DNT-86/2014 – òg omfattar funksjonar og oppgåver tilknytt oppføringa av den omsøkte garasjen.

Vedtak:

Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1 løyve til oppføring av garasje på gbnr. 49/151 i samsvar med søknad m/ vedlegg innstempla 20.12.2013.

Plasseringa av garasjen skal vere som vist på vedlagte situasjonskart og terrengprofilar innstempla 20.12.2013, med eit toleransekrav i horisontalt plan på +/- 50cm. Minstegrensa på 4m til nabogrenser er absolutt, med unntak av nabogrense mot gbnr. 49/5 i samsvar med erklæring fra eigar av gbnr. 49/5 dagsett 8.12.2013.

Topp ferdig planert byggjegrund og topp mønehøgde skal vere på respektivt kote 15,7 og 20,1 moh., med eit toleransekrav i vertikalt plan på +/- 20cm, jf. vedlagte terrengprofilar og snitteikning innstempla 20.12.2013.

Om utforminga av tiltaket vert det vist til vurderinga over og vedlagte situasjonskart og plan-, snitt- og fasadeteikningar stempla motteke 20.12.2013.

Ansvarsettar vert godkjent som omsøkt, jf. vurderinga over.

Opplysningar om bygget som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Løyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf. pbl. § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av Plan- og bygningsloven, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Vedtaket er gjort med heimel i Plan- og bygningslova, og etter delegert fullmakt frå rådmannen.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Geir Iden og Malin Sagstad

Fløksand 72

5918

FREKHAUG

